



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref
2014/4737

Vår ref
14/1894-52

Dato
8.2.2016

Bremanger kommune - søknad om lengre tid på dekke inn underskot

Vi syner til brev av 3. februar 2016.

Departementet kan etter kommunelova § 48 nr. 4 gje dispensasjon til at kommunar kan bruke meir enn fire år på å dekke inn underskot i rekneskapen. Lova set likevel ti år som ei absolutt øvre grense, slik at departementet ikkje har heimel til å gje dispensasjon utover ti år.

For underskota som oppstod i 2007 og 2008 vil difor 2017 og 2018 vere siste moglege inndeckingsår, og Stortinget har ikkje opna for at departementet kan gje dispensasjon utover dette.

Når det gjeld underskotet i årsrekneskapen for 2014, gjev departementet Bremanger kommune dispensasjon til at det kan dekkast inn over sju år, dvs. innan utgangen av 2021.

Bremanger kommune er i pågåande rettstvistar knytt til Terra-saka og derivatavtalane. Dersom kommunen heilt eller delvis skulle få medhald for sine krav i dei nær føreståande rettssakene, legg vi til grunn at inntektene vert brukte til å dekke inn tidlegare underskot og at inndeckingstida vert tilsvarande kortare.

I brevet nemner Fylkesmannen at 2015-budsjettet til kommunen ikkje har vorte godkjent. Fylkesmannen har difor heller heller kunne godkjenne låneopptaka, og det vil kunne få konsekvensar for likviditetssituasjonen til kommunen. Det vil vere opp til Fylkesmannen sjølv

å vurdere lånegodkjenninga, men vi gjer berre merksame på at det ikkje er eit absolutt krav at budsjettet må vere godkjent for at kommunen skal kunne få godkjent nye lånevedtak.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Even Vaboen
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til:
Bremanger kommune

Postboks 104

6721 SVELGEN